

Baskarland(Euskal Herria)

For å forstå kva konflikten i Baskarland handlar om, må vi fysst sjå litt både på geografi og historie. For det er ikkje mange nordmenn som veit kva Baskarland er for noko. Talmessig sett ligger nordmenn som interesserer seg for Baskarland ein plass mellom dei som spelar teremin og dei som vil ha kommunistisk revolusjon. Men på same vis som kommunisme og teremin er gode ting, så er også Baskarland interessant. I denne innleiinga kjem eg til å gjere eit par ting de burde vere oppmerksame på. Eg kjem for det fyste til å snakke mest om den delen av Baskarland som ligger i Spania. Dette er fordi det er her det meste som er viktig for forståing av situasjonen i Baskarland har skjedd i Spania, medan dei franske delane har vore meir passive. Dette kjem av at den spanske staten har vore mykje meir interessert i dei baskiske områda historisk sett, medan den franske staten heilt fram til revolusjonen omtrent ikkje gjere krav på noko baskisk jord. Og sjølv då var dei mildare enn den spanske staten. Den spanske borgarkrigen og diktaturet til Franco har òg påverka den baskiske situasjonen i stor grad. I Frankrike har det ikkje skjedd noko liknande.

Noko anna eg gjer «feil» her er at eg forteljar for lite OM baskisk kultur, sjølv om eg gjer det klart at dette ligger heilt sentralt når det gjelder å forstå kvifor baskarane er så opptekne av sjølvstyre. Dette burde ein i kvart fall lære litt om på eige hand om ein vil forstå situasjonen til baskarane.

I tillegg til desse to tinga, så har eg forkorta og forenkla ein del. Dette har eg gjort for å få plass til innleiinga på såpass kort tid. De vil finne ut han er lang nok allereie. Eg trur ikkje denne forenklinga går utover innhaldet i noko stor grad, om de ikkje har tenkt til å bli professorar i baskisk frigjeringskamp.

Baskarland er eit historisk land på den vestlege delen av grensa mellom Spania og Frankrike. Området er på 21 000 kvadratkilometer, og har eit innbyggartal på omlag tre millionar. Av desse er tre firedelar baskarar, og ein firedel innflyttarar,

hovudsakleg frå Spania.

Grunnen til at eg seier at Baskarland er eit historisk land, er at det ikkje er eit sjølvstendig land idag. Historisk sett har Baskarland vore ein sjølvstendig nasjon, med ein særeigen kultur og levesett. Baskarane er sannsynligvis den eldste europeiske folkegruppa. Baskisk har ikkje noko til felles med dei andre indoeuropeiske språka, difor trur mange forskarar at baskarane er ein gjenverande gruppe av europearane som budde i området før indoeuropeisk begynte å spreie seg. Ingen veit heilt sikker kor gammal den baskiske kulturen er. Men det er sikkert at baskarane har tilbakekjempa fleire invasjonar, blant anna romarar, mongolar og gallarar.

På 17- og tidleg 18-hundretal levde baskarane eit liv som var prega av føydale jordbruksforhold, men med ein høgare levestandard enn vanlege folk andre stader i Europa, blir det hevda. Dei var organisert i noko tilsvarende grevedømmer, kor kvart område var herska over av ein einevaldsposisjon som gjekk i arv. Dei var til ein viss grad knytta til det spanske kongedømmet, men det gjeldende lovverket tillet ein tradisjonell baskisk livsstil, og sikra baskarane ein viss makt over sitt eige territorie. På 1800-talet var Spania og Baskarland prega av ein maktkamp mellom adelen og borgarskapet. Dei fyste ville ha eit absolutt monarki, medan dei sistnemde ville ha eit borgarleg styrt parlament. Dei ville også fjerne lovverket som sikra baskarane sin tradisjonelle livsstil. Dette, i tillegg til at baskarane var djupt katolske og konservative, førte til at baskarane slåss på sida til adelen under krigane om dette i 1833 og 1872. Dette var ikkje fordi baskarane var overklassefolk, men frå deira synspunkt som bønder med ein særeigen kultur, tente den gamle forma med adeleg styring over økonomien dei betre enn eit borgarleg samfunn.

Dette viste seg også å vere sant. Borgarskapet vant krigen i -72, og politikken deira gjekk i stor grad utover baskarane. All politisk styring over økonomien vart fjerna, og det vart mykje vanskelegare å livnære seg som bonde. Baskiske bønder måtte flytte til dei store byane for å tene nok til å overleve. Dette bidrog til å

øydelegge den baskiske kulturen òg, til dømes forstod ingen deg om du snakka baskisk i bysentra.

I 1936 starta den spanske borgarkrigen. Den demokratiske sosialistiske regjeringa på den eine sida, mot fascistane til Francisco Franco på den andre. Den sosialistiske regjeringa hadde vist seg baskarvenlege, så baskarane deltok på sida til sosialistane. Dette høyrast naturleg ut, men dei fleste baskarar var djupt katolske og konservative, verdiar som passe betre inn på den fascistisk-nasjonalistiske sida. Men Franco var überspansk, og ville utslette baskisk kultur. Difor tok religiøse og konservative baskiske nasjonalistar side med sosialistane.

Franco med fleir vant krigen, og baskarane måtte betale ein forferdeleg pris. 50 000 baskarar vart drepe under krigen og 100 000 tatt til fange. Etter krigen vart 150 000 baskarar tvungne til å gå i eksil, og 1000 henretta. Baskisk språk vart forbode, det same med all anna uttrykk for baskisk kultur.

Under diktaturet til Franco vekse ein ny type nasjonalisme fram blant unge baskarar. Fysst og fremst var dei misnøgde med leiinga til dei gamle baskiske nasjonalistane, som var utruleg passive ovanfor Franco. Det baskiske nasjonalistiske partiet, heretter referert til som PNV, som har vore den viktigaste krafta i all baskisk organisering eg har nemnd til no, var gammaldags, konservativt og tregt. Baskisk ungdom ville ha det motsette: moderne, radikalt og aktivt.

På universitetet i Bilbao, og spesielt på det baskiske språkakademiet, byrja ein gruppe unge baskiske menn å studere situasjonen til språket, landet og generasjonen sin. Dei begynte å gi ut undergrunnsavisa Ekin, som fremma eit radikalt syn på veran til baskarane. Det viktigaste skilet på dei og dei konservative baskarane i PNV var i byrjinga at Ekin ville gjere noko med situasjonen, medan PNV viste seg ubrukelege på denne fronten. Men PNV tillet Ekinfolka å halde foredrag og skulere ungdomsforbundet deira i språk, historie og politikk. Men på grunn den veksande kritikk til Ekin av PNV, samt skepsisen til PNV ovanfor radikalisme, vart det eit brot

i ungdomsforbundet. Resultatet var at fleirtalet gjekk med Ekin for å danne ein ny organisasjon.

Euskadi Ta Askatasuna, som betyr Baskarland og fridom, òg kjent som ETA, vart danna i 1959. Ekin hadde hovudsakleg vore ein intellektuell gruppe for studiar og diskusjon; ETA markerte slutten på denne passiviteten. Aktivismen til ETA starta forsiktig, med tagging, og utfolding av det baskiske flagget på offentlege stader, men i 1961 byrja ETA å bruke våpen. Dei fyste ETA-åtaka var bombinger av offentlege bygningar, men desse tok ikkje ETA ansvaret for før seinare. Seinare same året prøvde ETA å avspore eit tog fullt av gamle fascistar som skulle feire seiaren til Franco. Bomba gjekk av, men øydela ikkje toget. Likevel slo staten ned på det, og omlag eit hundre ETA-aktivistar vart fengsla.

ETA betydde òg slutten på monopolet til konservatismen på baskisk nasjonalisme. ETA vedtok på oppstartsmøtet sitt at dei var ein «revolusjonær rørsle for nasjonal frigjering.». Men bortsett frå at dei ville ha eit sosialistisk og sjølvstendig Baskarland, var måla deira breie og lite konkrete. Utover 60- og 70-talet haldt ETA fram med sin politiske og militære kamp for eit fritt Baskarland. Dei vart stadig meir populære blant baskarar, spesielt dei unge. ETA utførte militære operasjonar, blant anna drap dei den høgre handa til Franco, Admiral Luis Carerro Blanco. Dei vart òg åtaka av den spanske staten, og mange aktivistar vart dømt til fengsel, og i nokre tilfelle død. Men òg på tiltalebenken drog ETA støtte frå baskarar. ETA veks og utvikla seg.

Men dei hadde òg problem. Eit av dei var at det vart mange forskjellige og krannglande politiske retningar innafor organisasjonen, dei fleste var forskjellige retningar av marxisme, som maoisme og trotskisme. Dette førte til at organisasjonen splitta seg opp fleire gonger, men det bestod hovudsakleg i at små grupper braut ut og danna parantesgrupper. Dei fleste av desse forsvann, og utgjorde ikkje noko viktig på eigenhand. Men ein viktigare splid var forholdet mellom politikk og væpna kamp. Dette førte til ein stor splitt som resulterte i danninga av ETA-militar, som skulle

fokusere all energi på væpna kamp mot Franco, og ETA-politico militar, som ville kombinere politikk og væpna kamp. Den sistnemnde fokuserte meir og meir på det politiske, og danna etter kvart partiet Euskadiko Ezkerra, som betyr «Baskisk venstre».

Noko liknande dette skjedde i delane av Baskarland i Frankrike, rundt avisa Enbata, sjølv om den væpna kampen ikkje skjedde i noko særleg grad der.

I 1975 døde Franco. I skuleboka kan du lese at no vart heile Spania einige om å bli demokratiske, og systemet til Franco vart bytta ut. Men i røyndomen var det ikkje dette som skjedde.

Franco var ein slemming, men han var ikkje dum. Han såg seg sjølve som ein tenestemann, ikkje gud. Og det han fysst og fremst tente var det spanske monarkiet. Difor passa han på å peike ut, ikkje berre ein etterfølgjar, men ein konge. Juan Carlos heit han, og han hadde vore i nettverket til Franco i lang tid. Men statsministeren Franco hadde hatt i tankane, var drepen av ETA, så ein mykje mindre karismatisk type fekk jobben i staden. Gamle fascistar vart plutselig demokratar av beste sort, og danna høgreparti. Dei gamle venstrepartia som hadde vore aktive i undergrunnskamp under Franco, sprang òg opp att. Det viktigaste her er Det sosialistiske arbeidarpartiet, frå no av PSOE. I tillegg til dette vart det radikal-nasjonalistiske baskarpartiet Herri Batasuna, som betyr Samla folk på baskisk, danna. Dette partiet er framleis eit samlingspunkt for radikale baskiske nasjonalistar. Herri Batasuna hadde på denne tida tette band til ETA.

PSOE fekk mange stemmer, og vart eit av dei største partia i landet. Dei gjekk i allianse med høgrepartia om ein ny retning for Spania, som vart forhandla fram bak lukka dører. For mange spanjolar og baskarar lukta dette daud bjørn; noko Franco kunne finne på. Samstundes forhandla dei gamle fascistane fram eit dokument som skulle skissere framtida for spansk parlamentarisme. Men denne fekk vanlege spanjolar i det minste stemme over. Spanjolar generelt var veldig for, med 90% av dei avgitte stemmane for. Men dette viser ikkje heile sanninga. I Baskarland let over

40% vere å stemme, i motsetning til resten av Spania kor andelen var 22. Dette viser at mange baskarar frå byrjinga var skeptiske til den vegen Spania gjekk i. I det baskiske lokalvalet fekk PNV over halvparten av stemmane, medan PSOE kom på andreplass.

Omlag halvparten av dei valde representantane for regionen Baskarland demonstrerte for opprettinga av eit autonomt parlament for heile Baskarland, både regionen som no var gjenkjent av den spanske staten, og området Naforra, som er ein historisk del av Baskarland. Også representantar for spanske parti som PSOE deltok i denne demoen. Etterpå arrangerte Herri Batasuna ein månelang fridomsmarsj gjennom alle dei baskiske provinsane, for å markere at dei høyrde saman. Mange baskarar deltok i denne marsjen, og han populariserte kravet for eit samla Baskarland ytterlegare. Men når det kom til folkeavstemminga, snudde alle partia unntatt Herri Batasuna i denne saka, òg PNV. Etter at alle dei store partia propaganderte for, stemte 53% av baskarane i den foreslåtte regionen, altså utan Naforra, for. Seinare innsåg mange radikale baskiske nasjonalistar at dei vart lurt av propagandaen til PNV.

I 1981 prøvde ein gruppe politifolk å ta over parlamentet, blant anna på grunn av utviklinga blant den baskiske befolkninga. Herri Batasuna folk hadde behandla kongen dårleg når han besøkte Gernika. Dei var òg sinte på baskarane for store demonstrasjonar mot eit kjernekraftverk regjeringa ville byggje i området. Spesielt på ETA, etter at dei hadde drepe ein politimann etter at politistyrken hadde drepe ein baskisk gut. Men kongen redda situasjonen, og fekk overtalt politiet til å gje opp parlamentet. Dette førte til at politiske parti, både på høgre- og venstresida vart meir konservative på spørsmålet om regionalt sjølvstyre, av frykt for nye militære aksjonar.

PSOE og høgresida gjekk saman om å lage ein ny lov som tok att mykje av fridomen som vart gitt til baskarar under «demokratiseringa». Dette øydela den baskiske støtta til alle parti som hadde støtta regjeringa i spørsmålet om regional autonomi. For Herri Batasuna og ETA derimot, som heile tida hadde sett på òg det nye spanske systemet som baskarfiendtleg og diktatorisk, betydde det endå meir

stønad frå baskarane.

Så byrja ein periode med hyppige demonstrasjonar i Baskarland. Politiske fangar frå Francotida sat framleis i fengsel, og det var store demonstrasjonar for deira fridom. Under desse demonstrasjonane, som var fredlege, vart fleire baskarar skutt av politiet, og dette førte til fleire demonstrasjonar.

I same perioden såg ein dei fyste fascistiske paramilitære organisasjonane, som drap baskiske nasjonalistar og radikale demokratar. Blant anna drap dei leiaren til ETA på femtenårsjubileet til mordet på Carrero av ETA. ETA og andre venstreparamilitære slo att ved å drap spanske politifolk, politikarar og andre mål. Dette øydela så mykje av omdømet til høgresida at eit av dei viktigaste høgrepertia måtte dele seg i tre nye parti. PSOE starta sin «For forandring!»-kampanje, og sikra seg ein ennå viktigare posisjon i Spansk politikk. PNV gjekk tilbake, medan Herri Batasuna og Euskaldiko Ezkerra gjekk fram.

I 1982 fekk PSOE makta i Spania. Mange baskarar trudde «For forandring!» òg kom til å gjelde dei. Men då tok dei grundig feil. PSOE viste seg å vere meir konservative på regionalt sjølvstyre enn høgresida. PSOE kjempa hardt for å byggje atomkraftverk i Baskarland, men etter enorme demonstrasjonar og drapet til ETA av ein sjefsingeniør måtte dei gje seg. PSOE starta ein linje som skulle definere deira syn på Baskarland i heilt fram til no. Den gjekk ut på blant anna at media skulle drive kampanje mot alle baskiske nasjonalistar, ungdomsorganisasjonar og fagforeiningar, altså fredlege og demokratiske organisasjonar, såvel som ETA. ETA byrja å intensivere sine angrep på politifolk og politikarar.

Det kanskje verste som skjedde var likevel opprettinga av GAL; anti-terroristisk frigjeringsgruppe. Denne gruppa jobba for den spanske regjeringa, og brukte drap og kidnappa både uskuldege og skuldige baskarar. At ein regjering opprettar ein terroristisk organisasjon som arbeider utanfor loven utan å bli rettsforfølgja er forferdeleg i alle fall, uansett kva du slåss mot. GAL angrep òg i fransk Baskarland, med den eine hensikt å skremme alle baskarar frå å organisere seg

i frigjeringskamp, uansett om det var i ETA eller eit politisk parlamentarisk parti. Ein episode som er verd å nemne er at då GAL drap Herri Batasunas leiar i Bilbao vart baskarar så sinte at det vart generalstreik og store demonstrasjonar. Dette er interessant, fordi Herri Batasuna, på tross av at dei var eit populært parti, aldri før dette fekk meir enn rundt 15% av stemmane.

I 1986 gjekk Herri Batasuna, som då var den sterkaste røsta i baskisk politikk, fordi PNV var splitta og andre radikale baskiske parti hadde tapt seg til Herri Batasunas fordel, inn for forhandlingar mellom den spanske staten og ETA. Det overordna kravet deira var eit fritt og sosialistisk Baskarland, men hovudsakleg foreslo dei at det skulle haldast ein ny folkeavstemming for alle dei baskiske provinsane, inkludert Naforra, om meir sjølvstendigheit. Til gjengjeld skulle ETA slutte sin væpna kamp. Samtale vart held, men då representanten til ETA døyde i ein bilulykke vart han utsett. Etter ein stund åtaka ETA eit kjøpesenter i Madrid, og drap fleire sivile enn dei nokon gong hadde gjort eller kjem til å gjere i éin aksjon. Etter dette opptok prosessen igjen, men dei kom ingen veg. Det einaste resultatet var at dei konservative baskiske partia tok den spanske statens side ytterlegare, ved å signere ein avtale som gjekk ut på at berre valden til ETA skulle definerast som vald, ikkje valden til den spanske regjeringa. Det baskiske folket derimot, demonstrerte for fridom og forhandlingar. Seinare prøvde ETA to gonger til å gå inn for våpenkvile for å forhandle, men den eine gongen vart våpenkvila brauten av fransk politi, den andre gongen nekta den spanske regjeringa for å ha vart einige om ein plan ETA påsto dei hadde.

Dette er berre eit eksempel på våpenkvile og forhandlingar ETA og Herri Batasuna har gått inn for. Mange fleire gonger har dette skjedd, og som oftast har det vore den spanske regjeringa som gjort det avgjerande trekket for å avbryte forhandlingane. Dette har dei gjort både gjennom å opptre useriøst ovanfor ETA og i enkelte tilfelle ved å bruke vald. Noko anna som trer fram frå denne tida er at PNV no har mista alt grunnlag for å drive baskisk frigjeringskamp. Dei har slutta å bry seg

om nasjonalisme, og vart fysts og fremst eit vanleg reaksjonært høgreparti.

Fram til midten av 90-talet gjekk det nedover med dei radikale nasjonalistane i Baskarland. Dei brukte nesten ti år på å prøve å forhandle med den spanske staten, og hadde ikkje noko i vise til for det. ETA haldt fram omtrent som før, men baskarane verka som dei har mista trua på væpna kamp òg. I 1996 var Herri Batasunas oppslutning omtrent halvert, til 10%. Då innsåg dei at noko var galt, og byrja ein grunnleggande debatt om korleis ein kunne drive baskisk frigjeringskamp på ein ny måte.

Eit nytt vendepunkt kom i 2002. Då bestemte spansk høgsterett at nesten alle radikal-nasjonalistiske baskiske parti skulle ulovleggjerast, inkludert Herri Batasuna. Dei meiner dei gjer stønad til åtaka til ETA. Herri Batasuna har hatt sterke band til ETA til tider. Og eg vil seie at dette stemmer. Om noko parti uttrykker krava til ETA så er det Herri Batasuna. Herri Batasuna er òg det einaste store partiet som ikkje har motarbeida ETA konsekvent sida 80-talet. Dei har til tider støtta valdsbruk frå ETA, og iscenesatt store demonstrasjonar når den spanske staten har dømt eller drepe ETA-aktivistar. Men i stor grad verkar det som Herri Batasuna har brukt sine tilknytningar til ETA til å dra dei vekk frå væpna kamp dei siste åra. Kva trur de fungerer best om ein vil stoppe valden til ETA; å løyse situasjonen til baskarane på ein fredelig og demokratisk måte, eller å å forby det einaste partiet som har kapasitet til å løyse problemet på denne måten? I alle fall er det grunnleggande udemokratisk å ulovleggjere ein parti fordi dei uttrykker stønad for valdlege organisasjonar. Raudt seier at vi støtter Hamas og Raud Ungdom samlar inn pengar til PFLP, ein palestinsk organisasjon som både EU og USA meiner er terroristisk. Men det er demokratiske ytringar, og alle ville reagert om vi vart forbodne av den grunn.

Til ein viss grad har Herri Batasuna unngått dette ved å skifte namn ofte. Men då har dei berre vart ulovleggjort på nytt.

No nyleg har det skjedd mykje i Baskarland. ETA har erklært permanent våpenkvile, og Herri Batasuna og mange andre baskiske frigjeringsorganiasjonar har slått seg

saman i organisasjonen Abertzale Left, som betyr Patriotiske venstre. Dei går inn for å løyse konflikten med demokratiske verkemiddel. Den spanske regjeringa derimot, har ikkje gjeitt baskiske nasjonalistar lov til å stille til val, og ubetydeleggjer våpenkvila. Dette viser at medan baskarane er både fleksible og løysningsorienterte, er den spanske staten useriøs og udemokratisk ovanfor baskarane.

Diskusjonssprøsmål:

1. ETA har brukt mykje vald opp gjennom tida. Når er dette ein riktig måte å arbeide på? Når er det ikkje? Kunne baskarane ha oppnådd noko meir om dei hadde konsentrert seg berre om politikk frå byrjinga av?
2. Nokre seier at baskarane er spanjolar, og burde slutte all frigjeringskamp. Kvifor skal dei halde fram?
3. Andre, som PNV, meiner at Baskarland godt kan vere ein del av Spania, så lenge dei får ha sitt eige språk og kultur og ein viss grad av sjølvråderett. Er dette nok fridom for baskarane? Kvifor skal dei ikkje vere ein del av Spania?
4. Diskuter påstanden «Baskarland er eit høgt utvikla område med høg levestandard og demokrati. Raudt og Raud Ungdom bør ikkje bry seg med dei, det er undertrykte folk til dømes i Afrika og Palestina vi burde vise solidaritet.»